Fellesnemnda for Nye Kinn kommune

Kinn kommune

Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Vår ref.:	**Dykkar ref.:**	**Dato:**
19/28 - 1 / ROSU1		18.03.2019

Søknad om finansiell deltaking i nytt hurtigbåttilbod mellom Florø – Smørhamn – Måløy

Det blir med dette søkt om at Fylkeskommunen deltek med følgjande finansiering.

2019 kr. 650 000
2020 kr. 1 500 000
2021 kr. 2 000 000
2022 kr 700 000

Fellesnemnda for Kinn har i ei tid arbeidd med å betre båttilbodet mellom Florø og Måløy. Det er særleg tilbodet frå Florø til Måløy om morgonen som manglar per i dag. Fellesnemnda har hatt dialog med administrasjonen i Fylkeskommunen og Fjord1. Saman med desse aktørane har vi kome fram til at det er mogleg å få til ei ekstra rute på morgonen frå Florø til Måløy, med retur frå Måløy midt på dagen, innanfor dagens avtaleverk og eksisterande materiell. Det praktiske og det formelle er difor på plass og vi står igjen med finansiering.

Vi arbeidar no med å finansiere tilbodet. Vi ser føre oss følgjande finansieringsmodell:

Finansieringsplan	**2019**	**2020**	**2021**	**2022**	**Sum**
Tilskot stat*	250	500			750
Flora kommune	400				400
Vågsøy kommune	200				200
Kinn kommune		1 500	1 500	750	3 750
Bremanger kommune	100	300	300	150	850
Fylkeskommunen	**650**	**1 500**	**2 000**	**700**	4 850
Bilettinntekt	50	150	150	50	400
Sum	**1 650**	**3 950**	**3 950**	**1 650**	11 200

*Midlar som Nye Kinn har fått bevilga i samband med infrastrukturtiltak i den nye kommunen.

Adresse	**Telefon**	**Org. nr**	**E-post**	**Internett**
Markegata 51, 6905 FLORØ	57 84 50 00	820 956 532	post@vagsoy.kommune.no	www.kinn.kommune.no

For 2019 er det rekna på oppstart fyrste august.

Av administrasjonen i fylkeskommunen har vi fått opplyst at brutto kostnad frå slik rute som er omtalt i dette brevet vil kome på. Kr. 3 950 000 pr. år. Vi har tatt utgangspunkt i dette beløpet når vi har laga finansieringsplan. Vågsøy og Flora kommune har sett av sin del av finansieringsplanen for 2019, samt at det er teke høgde for at naudsynt beløp blir innarbeidd i budsjett og økonomiplan for Kinn kommune. Fellesnemnda har vedteke å nytte av statlege infrastrukturmidlar, som kommunane har fått i samband med samanslåinga, til ruta.

Intensjonen med ruta er å gjere det mogleg å dagpendle frå Florø til ytre Bremanger og Måløy. Måløy – ytre Bremanger - Florø går heilt fint per i dag. Tanken er at det tilbodet vi no får på plass skal gjelde til ny konsesjonsperiode trer i kraft 01.05.22. I vårt innspel til båtrutetilbod frå og med 2022 har vi spelt inn denne ruta for å få til eit permanent tilbod på denne viktige strekninga.

Rutetabell.

	DX67	DX7	DX67	DX67	7	5	6
Måløy	05:10	07:20	11:30	15:50	15:40	17:45	
Leirgulen	|	07:35	|	|	15:55	|	
Smørhamn	06:00	08:05	12:30	16:30	16:25	18:35	13:40
Florø	06:32	08:35	13:00	17:00	17:00	19:15	14:20

	DX67	DX67	6	DX67	7	6	DX6
Florø	08:30	11:30	13:00	16:05	16:30	17:35	19:55
Smørhamn	08:50	12:00	13:10	16:40	17:00	18:00	20:20
Leirgulen	|	|		17:25	17:40	18:35	20:50
Måløy	09:55	12:40		17:45	18:00	18:50	21:10
Ekspress	Kystveg	Ny rute					

Opplegget gjev ikkje rom for eit optimalt tilbod med tanke på dagpendling, då det ikkje er mogleg å gå frå Florø før kl. 08.30 med ankomst Måløy kl. 09.55. Ei rute som hadde gått om lag kl. 07.30 frå Florø hadde i så måte vore langt betre. Men dette vil løyse ut behov for nytt materiell, og vil gje eit heilt anna kostnadsbilete. Det inneber også at det ikkje ville ha vore mogleg å gjennomføre det innanfor gjeldande avtale mellom Fylkeskommunen og operatør.

Vi håpar vi i saman kan få til ei løysing slik som den er skissert her. Dette vil bety mykje for Nord – Sør sambandet på kysten og utvikling av denne kystregionen.

Det går i dag fly frå Florø lufthamn til Oslo og Bergen mellom kl. 14.00 og 15.00. Avinor opplyser at det er stor grunn til å anta at eit betra rutetilbod som her er foreslått vil vere positivt for desse flyrutene frå Florø.

Det er tatt opp med administrasjonen i fylkeskommunen om mogleg framtidige trafikktal på den aktuelle ruta. Fylkeskommunen meiner det vil vere vanskeleg å vere konkret på dette, men viser til tal elles på denne strekninga som er relativt gode samanlikna med andre stader i fylket. Her er nokre døme på aktuelle trafikktal for heile 2017:

Båtane i Florøbassenget	106 000 pax.
Kystvegekspressen	9 300 pax
Måløy – Silda	7 700 pax

Dykk er kjend med at Flora i dag deltek i arbeidet med nullutslepp/lågutslepp frå passasjertrafikk mellom anna gjennom deltaking i fylkeskommunale prosjekt. Vi jobbar sjølvsagt aktivt for at det framtidige sambandet mellom sentra i Kinn kommune skal vere basert på nullutslepp. Men for å kome i gong må vi ta utgangspunkt i eksisterande båtmateriell.

Intensjonsavtala for etablering av Kinn kommune har fleire punkt som peikar på kor viktig det er å utvikle samferdsletilbodet på kysten. Dette er eit arbeid både Fellesnemnda og Kinn kommune vil måtte arbeide aktivt med i åra framover, saman med fylkeskommunen. Fylkeskommunen har også planar som legg til grunn at å få på plass eit slikt tilbod vil vere viktig. Vi tenker fyrst og fremst på Strategisk plan for kysten og strategi for senterstruktur.

Frå og med 01.05.2022 vil det vere ein ny konsesjonsperiode. I forkant av denne vil det uansett måtte gjerast eit stort arbeid med tanke på å leggje til rette for framtidig og tidsriktig satsing på samferdsle på kysten.

Helsing

Jan Henrik Nygård
Leiar Fellesnemnda for Nye Kinn kommune

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til

Edvard Iversen		6710	RAUDEBERG
Kristin Maurstad		6711	BRYGGJA
Nils Myklebust		6700	MÅLØY
Ola Teigen	Krokavegen 32b	6908	FLORØ